

Preses Olav Fykse Tveit

Stavanger, 3. juli, 2025

Helsing ved feiringa av 200 år med utvandring, og lanseringa av «Restaurationen» i ny utgåve

Vi markerer i dag her i Stavanger starten på ein svært vesentleg og spanande del av norsk historie. Det er også ein milepæl i norsk kyrkjehistorie, ja, norsk trus- og livsynshistorie.

Den som fér, har noko å fare med. Om det skal gå godt, får vi vel leggje til. Det var ikkje så store pengeverdiar dei kunne fare med. På den første reisa var det nokon med sterke overtydingar og tru, og det på ein annan måte enn det den offisielle kyrkja gav rom for. Kvekarane trengte eit anna samfunn og ordningar for seg. Trusfridom og ytringsfridom er vorte ein felles verdi, som vi må ta godt vare på.

Gudstru spelte ei stor rolle i heile det svære kapitlet som vi kallar «utvandringa». I dag vil eg berre peike på kva trua betydde for mange av dei som for, for deira modige livsvalg, og for å danne eit livsgrunnlag for det dei skulle byggje opp dit dei kom. Det er noko som gjaldt dei mange, om dei hadde den eine eller andre trua eller livssyn då dei for eller sidan.

Noko av det alle migrantar kan ta med seg, om dei reiser frivillig eller ikkje, er nettopp deira tru. Eg hugsar Antonio Gutteres som FNs flyktningekommisær understreka akkurat det i møte med religiøse organisasjonar i Geneve for nokre år sidan. Og han sa at det var dumt å ikkje la denne sida ved mennesket bli anerkjent dit dei kom. Det kunne vere denne trua som berga dei.

Trua, både i innhald og livshaldning, er for mange styrken til å ta nye valg inn i ukjent framtid, og til å halde ut i det som møter ein.

Og ikkje minst er noko som kan binde menneske saman og gi
meining i alle livsfasar, frå fødsel til grav.

I ein av dei få tekstar eg har om kva mine forfedre og mødre tenkte
om utvandringa som tema, er ein tale av min oldefar han må ha
halde på slutten av 1800-talet. Han var emisser og talte til ei stor
sommarsamling i Hardanger av folk. På nynorsk!

Han tok opp kva dei skulle gjere med sine bekymringar. Det gjaldt
særleg dei som gav seg utslag i at ungdomen reiste til Amerika.
Det var bekymring for dei livsvilkåra som gjorde at mange tenkte
på å utvandre, og bekymring for dei som reiste.

Rettare sagt, han talte om SUT. Han gjorde det til eit
kjernesørsmål i trua og livskampen, ved å lage eit ordspel
mellan SUT og OMSUT: Sutene har vi alle. Det er dei som kjem og
som gjeld det ein ikkje kan gjere noko med, og som høyrer til livets
kamp. Dei kan ein leggje fram for Gud. Slik at vi kan bruke kreftene
og trua vår på å ta tak i det vi skal ha OMSUT (ansvar og omsorg)
for: Oppgåvene som livet og Gud har gitt oss i arbeidet, heimen,
bygda - og i den store verda.

I den samanhengen var det sterke band mellom dei som før og dei
som vart att. Utvandringa vart ein lagnad for dei begge. Dei vart
skilde, ofte utan å sjå kvarandre att. Ofte var dei vel vitande om at
slik kunne det bli. Likevel var der eit band mellom dei som
menneske. Ofte var ei felles tru på Guds omsorg – og stundom tvil,
når det røynte på som verst. Vidare var det trua på at Gud hadde
gjeve dei livsoppgåvene – enten dei var heller der.

I vår verd i vår tid er det ikkje kommunikasjon i teknisk forstand
som er utfordringa for oss menneske, i alle fall når det gjeld høve
til å ha kontakt. Det er vel heller snarare tvert om: Vi får for mange
inntrykk og såkalla «vener» på Facebook m.m.

Men vi har ikkje vorte kvitt sutene, bekymringene, for livet, for
verda, for freden, for trusfridom og ytringsfridom, for rettferd, for

demokrati, for humaniteten og menneskeverd og menneskrettar, for naturen, for alt som lever. Sutene for framtida er der. Dei er vel heller vorte fleire, på nokre område. Men vi har mykje i vårt samfunn vi takkar og gler oss ofte over som dei ikkje kunne i 1825: Helsevesen, skule og utdanning for alle, økonomisk velstand, toleranse og tryggleik.

Utvandringa skjedde i spenninga mellom trua på seg sjølv og deira eigne val og villje til å gjennomføred det, og trua på at nokon større ein dei sjølve var med og kunne bere sutene saman med dei. Uansett kvar dei fòr.

I denne spenninga oppsto trua på framtida.

Denne samanhengen er det vel verdt å legge merke til, også noko å lære av. For heller ikkje vi har noko val: Det er berre framtida vi kan gjere noko med. Og det er i den vi kan bidra til ei betre verd, for andre og for oss sjølve, til rettferd og fred for alle. For det treng migrantar, innvandrar, flyktningar. Det er nødvendig for urfolk, for ulike minoritetar. Det treng verkeleg også alle dei av oss som tenkjer at det er «vårt land», enten det er her og der.

Gratulerer med denne markeringa, til lukke med eit stort og viktig jubileum, og lukke til med ei reise der andre har funne leia for 200 år sidan!